



Vang kommune

Tk-Utvikling As
c/o Kvismo Sag AS Tyinvegen 3610
2973 RYFOSS

Dykkar ref.:

Vår ref.:

KRISIG-2022004631 -4

Arkiv:

K2-L36, GBNR-104/98

Vår dato:

10.07.2026

Saksnr.	Utval
138/26	Hovudutval for utvikling

Vedtak om seksjonering

Delegert vedtak - Føsselie 1 - gnr 104 bnr 98 - seksjonering

Kommunen syner til søknad om seksjonering i sak 26/553.

Me har vurdert søknaden og gir i dette brevet vedtak om løyve til seksjonering.

Du kan finne informasjon om vidare saksgang, sist i dette brevet.

Vedtak:

Seksjonering av eigedomen 104/98 (gardsnummer/bruksnummer), Føsselie 1, kan godkjennast.

Vurdering:

Seksjonsnummer, formål og sameigebrøken, seksjonanes avgrensing blir som i vedlagte dokument.

Endringar i planteikningar og skjema er stadfesta av søkjar.

Konklusjon: Søknad er i tråd med krav i eigarseksjonslova § 11 og vilkår for seksjonering i eigarseksjonslova § 7.

Saksopplysningar:

Søknaden

TK-Utvikling AS søkjar om seksjonering av eigedomen 104/98, Føsselie 1 til fire seksjonar.

Søkjar er tinglyst eigar av 104/98.

I skjema er det påført at det skal vere tilleggsdelar i bygning, sjå vedlagte planteikningar.

Søklar har stadfesta på e-post at påføring av tilleggsareal bygning i skjema er greitt.

Planteikningar

Syner seksjonanes hovuddelar med forslag til seksjonsnumre, bruk av rom og grenser mellom dei, og tilleggsdelar i bygning.

Søklar har stadfesta på e-post at framstillingstekniske endringar og påføring av tilleggsareal bygning stemmar med det som er ønskt.

Situasjonsplan

Innlevert situasjonskart syner eigedomsgrenser, omriss av bygningar.

Sameigets vedtekter

Vedtekter er levert.

Dokumentasjon på at bustadene er godkjent som bueining

Løyve til oppføring av firemannsbustad, 07.05.2024, ref. 24/385-2.

Hefte/uråderettar

Det er ikkje tinglyst uråderett på eigedomen

Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Det er ikkje utandørs tilleggsdelar, rekvisisjon er difor ikkje naudsynt.

Kommunens behandling av søknaden - Lovgrunnlag

Søknad om seksjonering behandlast etter eigarseksjonsloven § 12. Kommunen skal avvise ein søknad som ikkje oppfyller krava i eigarseksjonsloven § 11. Dersom retting av manglar kan føre til at seksjoneringa kan gjennomførast, skal kommunen setja ein frist for retting før søknaden avisast. Kommunen skal avslå ein søknad dersom vilkåra i eigarseksjonsloven § 7 ikkje er oppfylt.

Gebyr:

Behandling av søknad fakturerast etter kommunens [gebyr \(2026\)](#). Vedlagt er gebyrgrunnlaget fakturaen blir laga etter.

Klagerett:

Du har høve til å klage etter reglane i forvaltningslova kapittel 6. Klage med referanse til saksnummer 26/553 kan sendast i brev eller e-post til Vang kommune, innan tre veker frå du fekk dette brevet. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje, vil klagen bli sendt vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Informasjon om saksgang:

Del 1 behandling av søknad:

Kommunen har frist på 12 veker frå det er levert komplett søknad. I løpet av desse vekene skal kommunen registrere og behandle saka, gjeve vedtak og registrere seksjonane i matrikkelen. Kommunen kan ikkje tinglyse seksjoneringa før klagefrist har gått ut og eventuelle klagar avgjort.

Del 2 Oppmålingsforretning (berre ved utandørs tilleggsareal)

Ved eksklusive uteareal: Dersom nokon av seksjonane skal ha eksklusive uteareal, må det haldast oppmålingsforretning. Kommunen har frist for å utføra oppmålingsforretning innan 16 veker etter løyve. I perioden mellom 1. november til 15. mai stoppar kommunens frist, grunna kommunens vinterforskrift. Minst 2 veker før forretninga finn stad, vil rekvirent og andre partar få varsel om oppmålingsforretning.

Del 3 Tinglysing

Etter at klagefrist har gått ut eller klager er avgjort kan seksjoneringa sendast til tinglysing.

Rekvirent (den som bestillar) får matrikkelbrev når saka er ferdig tinglyst. Andre partar får beskjed om det er endringar i kartet ved oppmålingsforretning.

Meir informasjon

Meir informasjon kan du finne du på kommunen si heimeside:

[Seksjonering - Vang kommune](#)

Med helsing

Sigve Kristiansen

Oppmålingsingeniør

Dir. tlf.: 948 32 287

E-post: sigve.kristiansen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

Stadfesting på endringar i planteikning og skjema

Planteikning 104-98 – bearbeida_v2	299678	10.07.2026
Skjema søknad – bearbeida_	299679	10.07.2026
Stadfesting på endringar i planteikning og skjema	299680	10.07.2026
Vedtekter 104-98	299681	10.07.2026
Situasjonskart 104-98	299682	10.07.2026
Gebyrgrunnlag 104-98	299683	10.07.2026

